

RÅDSLEIARS REFLEKSJONAR

Årsmelding, årsrapport, regnskap er nyttig redskap for å vurdere arbeidet som er gjort og for å legge planer framover. Så er det likevel slik i livet at ikkje alt heile tida blir slik ein planla eller slik ein trudde. Men det uforutsette er med å sette engasjement og farge på tilværet.

2018 vart eit travelt og krevande år for Dovre Kyrkjelege Råd sine tilsette. Færre tilsette, lange perioder med vakanser og mange, store og krevande arbeidsoppgåver.

Etter kyrkjelova har kommunene ansvaret for finansiering av kyrkjene og drift av kyrkjene. Dovre kommune er viktig samarbeidspart for Dovre Kyrkjeleg Råd. Ikkje berre ut frå det finansielle, men òg fordi kyrkjene fyller viktige verdier og strategier for Dovringene og for tilreisande. I årsmeldinga kan vi lese om store besøkstall i kyrkjene, ikkje minst sommarstid når kyrkjene er åpne. Mange søker ei stille stund på sine reiser og vi har i tillegg kyrkjer som arkitektonisk er verdt å sjå på.

Antall mennesker på pilegrimsvandring har auka desse 25 åra vandringene har gått gjennom Dovre og der òg speler kyrkjene våre ei viktig rolle. Kyrkjene er med å kanalisere overnattinger som igjen gjev inntekter i kommunekassa.

Kyrkjer i god stand er viktig for omdømmebyggingen til oss i Dovre kommune.

Montering og ferdigstillelse av orgelet i Dombås kyrkje gav oss i bygda eit fantastisk instrument, kyrkjemusikalsk og som konsertinstrument. Det gav mykje positiv omtale både av Dombåskyrkja, dei frivillige og Dovre kommune.

Årsmeldinga er verdt å lese. Som rådsleiar er eg stolt over alt det gode arbeidet som er lagt ned av tilsette og frivillige. Ein stor takk til dykk alle. Takk for godt arbeid og engasjement, takk for at dykk brukar fritida til glede for felleskapet i kyrkja og felleskapet vårt i Dovre kommune, bygda vår.

Med takknemleg helsing

Guri Ruste
rådsleiar

MÅL FOR ORGANISASJONEN

Planarbeid

Dovre kyrkjelege råd har i 2018 revidert kyrkjeplanen. Både utvalgene og tilsette har vore involvert i arbeidet. Vi gjengjør den nye planen i sin heilhet på side 3-4.

Kyrkjeplanen er kyrkja sin verksemdsplan som seier kva visjon vi har, kva områder som blir prioritert og kva vi ynskjer å oppnå. Planen går ut frå kyrkjas formål: DNK er ei evangelisk-luthersk kyrkje,- ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekkyrkje.

Evaluering av mål og planer for 2018

Gjennomføre tiltak i kyrkjeplanen for å nå felles visjon: Ei kyrkje for alle – hele livet.

Staben har dette med i alt sitt arbeid, og meiner at vi lukkast bra - til tross for utfordringar og meirarbeid knytta til prestevakanser og presteskifter.

Planer for 2018	Status	Merknad
Revidere kyrkjeplan, inkl. mål og planer for kyrkjemusikk, diakoni og trusopplæring.	✓	Kyrkjeplanen er ferdig. Trusopplæringsplanen skal reviderast i 2020.
Ferdigstille orgelet i Dombås kyrkje.	✓	Nyorgelet vart tatt i bruk 2. desember.
Ajourføre "Status og tiltaksplan for kyrkjelege bygg og anlegg".		Har starta arbeidet, m.a. byggbefaring.
Arbeid med verneverdigde gravminner: Informasjon, avtaler, kyrkjegardsvandring.	✓	Har inngått avtaler. Arrangert vellukka kyrkjegardsvandring.
Skaffe ljostenningstad i Dovre kyrkje.		Rådet arbeider med dette.
Starte planlegging av Eysteinkyrkja sitt 50-årsjubileum i 2019.	✓	Nedsett komité som har starta planlegginga.
Evaluere sokne- og rådstruktur.	✓	Det er søkt om å endre soknegrenser. Forsøksordning med eit råd er godkjent vidareført til 2023.
Revidere gravferdsheftet.		Utsatt. Ikke nok ressursar til alt som var planlagt.
Avklare behov og alternativ for minnelund ved kyrkjene.		

Kort om planer for 2019

Dovre kyrkjelege råd vil i tillegg til vanleg kyrkjeleg drift:

- Markere Eysteinkyrkje-jubileum.
- Gjennomføre Kyrkjevalg 9. september.
- Planlegge og gjennomføre bispevisitas 3.-8. desember.
- Revidere tiltaksplan for bygg og anlegg.
- Revidere trusopplæringsplanen.

Kyrkjeplan 2018-2021

Visjon

Ei kyrkje for alle – heile livet.

Verdigrunnlag

Kvalitet, involvering og tradisjon skal prege alt vi gjer.

Mål og tiltak pr. område

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Mål	Tiltak
Fleire ynskjer å komme til gudsteneste. Gudstenester og kyrkjelege handlingar med variasjon og høg kvalitet.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Fleire tema-gudstenester - med bredde og variasjon. ○ Samarbeide med lag og foreninger om gudstenester. ○ Syte for eit variert og fagleg solid kyrkjemusikalsk arbeid som også involverer amatører og profesjonelle.
Alle skal kjenne seg velkomne og trygge i kyrkja.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Kyrkjeverter som tek i mot folk. ○ Informasjon om gudstenesta før start.
Auke kyrkjelydens involvering (deltaking) i gudstenester og kyrkjelege handlingar.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Legge til rette for deltaking og involvering. ○ Arrangere tekstlesarkurs. ○ Tilpassa innhald, form og salmebruk ved trusopplæringstiltak. ○ Bruke medhjelparar, m.a. konfirmantar og barn ved trusopplæring.
Bevisstgjere at DNK Dovre er ein del av den verdsvide kyrkja.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Ha minst ei gudsteneste i året med fokus på misjon. ○ Ta med Misjonsavtale og aktuelle saker i forbønn.

Barn og unge

Mål	Tiltak
90 % oppslutning om dåp.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Invitasjon til dåp. ○ Trusopplæring som tema i dåpssamtalen.
Barn og unge blir kjende og trygge med kyrkja, Bibelen, kristen tru og praksis.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Gje tilbod om trusopplæring i samsvar med trusopplæringsplanen: Babysang, 4-årsbok, skolestart, fra jord til bord, tårnagent, dåpsjubileum, ljosvaken, konfirmasjon, ungdomsaktivitetar i samarbeid med andre sokn. ○ Styrke samarbeidet med skular og barnehagar: <ul style="list-style-type: none"> - Tilby sangstunder, gudstenester, pilegrimsvandring, opplegg ved alle høgtider. - Vektlegge kunnskapsformidling, tradisjon og kultur. ○ Støtte opp om deltaking på kristne leirar o.a. ○ Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar og andre.

Diakoni

Mål	Tiltak
Diakonen skal vere ein aktuell samtalepart for barn og unge.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Diakonen deltek i barne- og ungdomsarbeidet for å inkludere diakoni i dette arbeidet og for å bli kjente. ○ Samarbeide og kontakt med bl.a. skule og barnehage og med faste møtetider der.
Skape inkluderande møteplassar, også på tvers av generasjonar.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Arrangere «Det gode måltid». ○ Kyrkekaffe som sosial arena for kyrkjelyden. ○ Tilbod om kyrkjeskyss. ○ Bevisst fokus på felleskap og inkludering i trusopplæring, hyggekveldar o.l. ○ Lavterskel-tilbod: I samarbeid med andre tilby rusfrie aktivitetar for ungdom.
Større fokus på rettferd.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Ha rettferd og fasteaksjonen som tema for konfirmantar.

Kyrkjemusikk og kultur

Mål	Tiltak
Kyrkja skal vere ein arena for kultur.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Skipa til årlege konsertar i alle kyrkjene i Dovre. ○ Ferdigstille det nye orgelet i Dombås kyrkje i 2018. ○ Små stunder med orgelmusikk i advent og fastetida. ○ Gjennomføre 50-års jubileum for Eysteinkyrkja i 2019. ○ Sang- og salmekveldar.
Fornye og formidle pilegrimstradisjonen til kyrkjelyd, pilegrimer og tilreisande.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Planlegge og arrangere pilegrimsdager, og med slikt innhald og program at lokale deltek.

Kyrkjebygg og kyrkjegarder

Mål	Tiltak
Bygg og anlegg skal vere brukarvennlege, sikre og i god stand.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Gjennomføre tiltaksplan for bygg og anlegg. ○ Kartlegge status m.t.p. universiell utforming.
Kyrkjegardane skal vere ein verdig gravplass, ein stad for å minnast og med gravminne som ein viktig kulturarv.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Utgreie minnelund ved kyrkjene. ○ Utarbeide verneplan for gravminner på Dovre kyrkjegard og følge opp denne med avtaler, informasjon m.v. ○ Lage ein heilheitleg grønn plan for Dovre kyrkjegard.
Gje tilbod om eit stille rom og ei god kulturoppleving gjennom sommeropne kyrkjer	<ul style="list-style-type: none"> ○ I lag med reiseliv, kommunen og friviljuge halde kyrkjene sommerope. ○ Utvikle godt informasjonsmateriell om kyrkjene. ○ Informasjonskveldar/kurs om kyrkjene for vertar o.a.

Informasjon, kunngjering og samfunnskontakt

Mål	Tiltak
Kunngjere kyrkja sin aktivitet og tilbod. Informasjon om DNK Dovre er lett tilgjengeleg. Dokumentasjon av det som skjer.	<ul style="list-style-type: none"> ○ Utgje fire kyrkjeblad årleg. Kyrkjebladet skal spegle den lokale folkekyrkja i form og innhald. ○ Utgje årsmelding med brei dokumentasjon av aktivitet. ○ Heimeside med informasjon om kyrkjas verksemd. ○ Kunngjere aktivitetar med plakater, lokalaviser og FB.

ORGANISASJON


Sokna og medlemskap

I Dovre kyrkjekommune er det to sokn med tilsaman 2220 medlemmer.

Dovre sokn: 1083 Dombås sokn: 1137

Om lag 85 % av innbyggjarane er medlemmer.

6 personer meldte seg ut i 2018.



Kyrkjelydsmøte

17. april på Jetta med ordinære årsmøtesaker.

13. desember på Dombås hotell om endring av soknegrenser mellom Dovre og Dombås sokn.

Dovre kyrkjelege råd

Dombås sokneråd, Dovre sokneråd og Dovre kyrkjelege fellesråd er fra 1. januar 2005 eitt råd; Dovre kyrkjelege råd. Organiseringa er ei forsøksordning som er godkjent av Kultur- og kirkedepartementet fram til Kyrkjelova i 2023. Rådet har det totale ansvaret for den lokale kyrkja, med unntak av det ansvaret som ligg til sokneprest og andre organ. Etter Kyrkjelova § 9 skal rådet "ha sin oppmerksamhet henvendt på alt som kan gjøres for å vække og nære det kristelige liv i soknet", som gudstenester, dåpsopplæring, kyrkjemusikk og diaconi. Som fellesråd har det også ansvar for kyrkjebygg, kyrkjegardar og dei tilsette.

Samansettning

- Valgt frå Dombås sokn: Steinar Botheim, Stina Cecilie Storhaug, Martin Berg, Anne Lise Raatrø Pettersen. Vararepresentanter: Randi Brennhaug, Anita Dybfest Frich, Reidun Marie Kveen, Irene Olsen Aavangen, Liv Kristin Rise.
- Valgt frå Dovre sokn: Guri Ruste, Sonja Rykhus, Helle Hundevadt, Hans Ingvald Hovde. Vararepresentanter: Tove Jenny Qvan, Steinar Ola Landheim, Gudrun Urstad Rudi, Aud Reidun Bøe Øien, Svein Rune Berg.
- Sokneprest er fast medlem og prosten vara (utnevnt av biskopen).
- Kommunal representant: Knut Nytun. Irene Olsen Aavangen er vara.

Leiar: Guri Ruste. Nestleiar: Steinar Botheim.
Kyrkjeverje/dagleg leiar Andgard er sekretær for Dovre kyrkjelege råd.

Møter og saker

Dovre kyrkjeleg råd har i 2018 hatt 7 møter og handsama 52 saker.

I tillegg til dei årlege saker som budsjett, regnskap og årsmelding, har rådet handsama kyrkjeplan (revidering), verneplan for gravminner, jubileum med konfirmasjon i Eysteinkyrkja, sokne- og rådsstruktur, høyring om ny liturgi for høgmesse og høyring om ny kyrkjeordning.

Leiar og nestleiar har hatt kontakt med kommunepolitikarar.

Dialogmøte 6. september mellom Dovre kommune (ordførar, rådmann, kommunal representant) og DKR (rådsleiar, nestleiar, kyrkjeverge).

Utvalg og komitear

DKR har utvalg og komitear med særskilt ansvar for sine områder, og innanfor vedteke mandat og ansvar.

Arbeidsutvalget	4 møter
Gudsteneste og trusopplæring	1 møte
Diakoniutvalget	2 møter
Kyrkjemusikk	1 møte
Pilegrimskomite	3 møter
Orgelkomite	4 møter

Personale

DKR er arbeidsgjever for dei kyrkjeleg tilsette; 5 fast tilsette i tilsaman 4,15 årsverk.

Kyrkjeverje	80 %	Elin Marit Andgard
Sekretær	35 %	Vidar Aas
Kyrkjetenar	15 %	Vidar Aas
Kantor	90 %	Jørgen Brandli, 80 % frå 1. juli.
Kyrkjetenar	100 %	Ola Rindal
Kyrkjetenar	30 %	Bjørn Lund frå 1. september
Trusopplærar	inntil 25 %	Blir ivaretatt av heile teamet.

Organistvikar: Per Anders Håvelsrød.

Kyrkjetenarvikar: Erik Magnus Andgard.

Sommerhjelp: Ole Andreas Bjølverud Aas.

Guide ved sommerope Dombås kyrkje: Tuva Stavne Nyløkken og Ingvild Marie Andgard.

Inger Gravem, diakon i Lesja og Dovre, er tilsett av Lesja kyrkjelege råd. Hamar bispedømmeråd refunderer inntil 50 % av lønnsutgiftene.

Hamar Bispedømmeråd er arbeidsgjevar for sokneprest. Daniel Johanson slutta 30. juni. Fungerande sokneprestar i Dovre og Lesja hausten 2018: Maria Walfridsson (2.7-10.8), prost Paul Skuland (11.8-11.11), Per Halstein Nielsen (1.9-14.10), Knut Nordhaug (15.10-31.12) og fungerande prost Jens Petter Ous (12.11-31.12).

Pga. prestesituasjonen har Inger Gravem avtale med Hamar bispedømme om 25 % stilling ekstra og hovedansvaret for konfirmantane denne hausten.

Helse, miljø og sikkerheit

Det er godt arbeidsmiljø og samarbeid i staben. Sjukefraværet var 6,1 %, dette er ikke relatert til arbeidsoppgåver og arbeidsmiljø. Andel kvinner i staben er 29 %. Det er god brannsikkerheit i kyrkjene. Ingen avvik.

Representasjon, møter og kurs

Representasjon

- Helle Hundevadt deltok på pilegrimsmøte på Hundorp 6. mars om åpne kyrkjer langs leia.
- KAs landsråd 23. april: Guri Ruste representerte fellesråda i Hamar bispedømme.
- Årsmøte i Pilegrimssenter Dovrefjell 26. april: Guri Ruste og Knut Nytun.
- Dovrefjellkonferansen 26. oktober: Ingen kunne delta.
- Prostidag med avskjed for prost Paul Skuland 11. november. Gudsteneste i Sel kyrkje og kyrkjekaffe på hotellet. Frå Dovre: Inger Gravem, Helle Hundevadt, Hans-Jacob Dahl, Christiane og Laurits Fokstugu, Elin Marit Andgard.



Kurs for tilsette

- Puls 8.-12. januar (Faglig påfyll og inspirasjon for kirkeansatte): Vidar Aas.
- Kirkepartnerdagen 6. februar (IKT m.m.): Elin Marit Andgard.
- Årsmøte for Hamar kirkevergelag i Elverum 9.- 10. april: Elin Marit Andgard.
- Diakonisamling Gjøvik 16. april: Inger Gravem.
- Biskopens tilsynsdag for diakoner 29. mai: Inger Gravem.
- Biskopens tilsynsdag for trusopplærarar 15. juni: Inger Gravem.
- Olavseminaret 30. august på Granavollen med tema «En kristendom for vår tid»: Inger Gravem.
- Fagdager for Hamar bispedømme 7-8. november med tema «Hellige rom for alminnelige liv»: Inger Gravem og Elin Marit Andgard.
- Parkmesse november: Ola Rindal.

Samarbeidsmøter

- Fagmøter i prostiet med kollega, t.d. kyrkjevergemøter og forum for trusopplærare.
- Sokneprest deltek i månedlege prestesamlinger (konvent).

Prostiprosjektet «Saman for kyrkja»

Dette er eit samarbeid mellom fellesråda i prostiet og prosten. Det har som formål å auke tilsettes kompetanse og forståelse -> bedre samarbeid og kvalitet i verksemda -> utvikle tenester og fellesskap. Kyrkjeverge i Dovre er med i prosjektgruppa.

5 samlinger gjennomført i 2018:

- 12. april med tema «Grønt arbeid på kyrkjegarden»: Ola Rindal.
- 14. juni med tema «Gravferdsforvaltning»: Ola Rindal, Vidar Aas og Elin Marit Andgard.
- 18. oktober med tema «Kyrkja som organisasjon og kyrkja i endring inkl. LEAN-metoden»: Ola Rindal, Knut Nordhaug og Elin Marit Andgard.
- 1. november med tema «Kyrkjas oppdrag, personvern og offentlighet»: Ola Rindal, Inger Gravem, Bjørn Lund, Knut Nordhaug og Elin Marit Andgard.
- 29. november med tema «Gudsteneste»: Jørgen Brandli, Inger Gravem, Ola Rindal, Bjørn Lund, Vidar Aas og Elin Marit Andgard.

Informasjonsarbeid

- **Kyrkjeblad for Dovre** kom ut med fire nummer og sendt til alle husstandar i Dovre, utanbygdsbuande som tingar det og fleire kyrkjekontor. Kyrkjebladet kan også fungere som ei årsmelding over det som skjer i kyrkjelyden.



- **Årsmelding 2018** delt ut til kommunestyret og på kyrkjelydsmøtet i april.
- **Heimeside**
Kunngjering om kva som skjer, generell informasjon om dei kyrkjelege handlingane, kontakt-infomasjon, informasjon om råd og rådspapir.
- **Facebook**
Brukt først og fremst om særskilde hendingar.
- **Plakater og annonser** om gudstenester og konserter.
- **Mediaomtale**
Sjå oversikt på neste side over mediaomtale om arrangement og tiltak.

Egne arrangement og tiltak

- Vigga 25.1: Elvis til Dombås kirke - Forhandsomtale av konserten «Elvis Goes To Church»
 - Vigga 7. 6: Heilside om kyrkjegardsvandring, verneplan for gravminenr og treplanting på Dovre kyrkjegard
 - Vigga 21.6: Godt måltid rundt felles bord
 - Vigga 30.8: Middelalderkirka på Hjerkinn er funnet
 - Vigga 30.8: Tek farvel med 49 år gammalt instrument. To sider.
 - GD 4.9: Gammelorgelet frå Dombås skal til Valdres: Han tar med seg orgelet frå kyrkja.
 - Vigga 6.9: Orgelet i Dombås kyrkja: Tok med orgelet heim
 - Vigga 11.10: Middelaldermusikk – om haustkonserten i Dovre kyrkje
 - GD 26.10: Utsmykker det nye orgelhuset: Kari setter farge på Dombåskyrkja
 - Vigga 1.11: Dombås-orgelet: Har måla siste strøk
 - Vigga 8.11: Dombås-orgelet: Nå får orgelet en annen lyd
 - GD 11.12: «Folkelig jul» i Dovre kyrkje – forhandsomtale av konsert.

Vigga 1. 11.18
Forsida

Nøyaktighets- arbeid i Dom- bås kirke

Kari Aasgaard har
jobben med å dekorere
galleriet i Domås kirke.

SIDE 11





Kyrkja nevnt i samband med andres tiltak

- GD 28.6: Millioner til nye orgler i gamle hus
 - Vigga 23.8: Ønsker lokale ungdommer med på «Dovrejul» - bilde av Dombåskyrkja
 - Vigga 4.10: Stort engasjement for Rosa sløyfe – bilde av Dombåskyrkja i rosa ljós
 - GD 26.10: Kyrkjene blir spart for kostnadskutt – om kommunens økonomiplan
 - Vårt land haust: Madonna-figurer i norske kyrkjer – Hans-Jacob Dahl om Dovremadonnaen.
 - DNT årbok 2018: 5 sider om pilegrimmer og Eysteinkyrkja.

KYRKJELEG ARBEID OG AKTIVITETAR

Gudstenester

	2018			2017			2016		
	antall	personar	snitt	antall	personar	snitt	antall	personar	snitt
Gudstenester på søn- og helligdag	54	2522	47	59	2884	49	57	2914	51
Andre gudstenester	12	1167	97	15	909	61	18	1579	88
Sum gudstenester	66	3689	56	74	3793	51	75	4493	60
Messe m/nattverd	29	393	14	24	334	14	31	596	19
Andakt Fredheim	17	Ca 340	20	13	205	15	14	309	22

- 5 gudstenester på Fredheim, 1 på Tollevshaugen, 1 på Hjellsetra og øvrige i kyrkjene.
- «Andre gudstenester» er skulegudstenester, aftensang, gudstenester på vekedager o.l.
- Biskop Solveig Fiske deltok ved pilegrimsmesse 15. juli.
- Prost Paul Skuland deltok på avskjedsgudsteneste for sokneprest Daniel Johanson i Eysteinkyrkja 24. juni. Solist Ingeborg Dalheim og Martin Berg.



Kyrkjelege handlingar

	2018			2017			2016		
	antall	personar	snitt	antall	personar	snitt	antall	personar	snitt
Dåp	16			18			23		
Konfirmasjon	22			15			35		
Vigslar	0			3	185	62	4	217	54
Gravferder	27	2190	81	26	2567	106	37	4138	112

- Av 16 døypte har 11 bustadadresse i kommunen. 1 dovrebarn er døypt i andre sokn. Alle som er født i 2018 og registrert som tilhøyrande (det vil seie at ein eller både foreldra er medlem) er døypt eller innmeldt til dåp.
- 22 konfirmanter, 11 i Dombås kyrkje og 11 i Dovre kyrkje. 100 % oppslutning av registrerte medlemmar i aldersgruppa.
- Ingen vigsel. Ein forbørnshandling for utanbygdsbuande.

- 27 gravferdsseremoniar: 10 i Dombås kyrkje, 12 i Dovre kyrkje og 5 i Fredheim kapell. Ein seremoni og gravlegging for utanbygdsbuande. Kistegravlegging er fortsatt mest vanleg i Dovre, 2 urner vart sett ned i 2018, av desse ein utanbygdsbuande. For fire personer busatt i Dovre, var det seremoni/gravlegging/askespreiing andre stader. Ein årsak til nedgang i antall tilstades ved gravferd, er fem seremonier i Fredheim kapell der det var gjennomsnittleg 32 til stades.

Kyrkjemusikk

Kantor Jørgen Brandli er musikalsk ansvarleg for gudstenester og kyrklege handlingar. Han deltok på fleire trusopplæringsstiltak og konfirmantsamlinger (m.a. temadag om kyrklege handlingar), har sangstunder med barnehage og øving med skuleklasser før gudstenester.

Solistar og kor ved gudstenester

Int. kvinnebønnedag 2.3. Dombås
 Skjærtorsdag i Eysteinkyrkja
 Påskedagen i Dovre kyrkje
 Konfirmasjon 26.5 i Dovre kyrkje
 Konfirmasjon 2.6 i Dombås kyrkje
 Folkemusikkmesse 17.6 i Dovre kyrkje
 Avskjedmesse i Eysteinkyrkja 24.6
 Setermesse på Tollevshaugen 8.7

Pilegrimsmesse 15.7 i Eysteinkyrkja
 Helgemesse 4.11. i Dovre kyrkje
 Minnegudsteneste 18.11 i Dombås kyrkje
 Gospelmesse i Dovre kyrkje 18.11
 Julekvelden i Dombås kyrkje
 Juledagen i Dovre kyrkje
 2. juledag i Eysteinkyrkja

Filip Hovland, klarinett
 Synne Vorkinn
 Synne Vorkinn
 Ola Jon Angard
 Ola Jon Angard
 Dalakopa, Spelemannslaget, Dansarlaget
 Ingeborg Dalheim og Martin Berg
 Harald Elvestad, Jan Jøndal, Hallvard Kvesetberg
 og Inge Høie fra spelmannslaget; Steinar Moldal;
 Bård og Anne Toini Lohn frå Folldal.
 Ingeborg Dalheim
 Dovrefjell Disharmoniske Selskab
 Martin Berg og vokalgruppe frå DDS
 Rondane gospelkor
 Martin Berg
 Martin Berg
 Synne Vorkinn

Hjerteleg takk til alle solistar og musikarar som er med!

Trusopplæring - barn og unge

Dovre kyrklege råd har f.o.m. 2010 fått øyremerka trusopplæringsmidler. Biskopen har godkjent vår trusopplæringsplan. Kyrkjelyden skal tilby om lag 320 timer trusopplæring i perioden 0-18 år. Kyrkerådet har fastsett at konfirmanttida skal utgjere minimum 60 timer.

Nedanfor er ein presentasjon av trusopplæringsarrangement i 2018 med informasjon om opplegget, antall deltakarar og oppslutning i % i parantes. Oppslutning vert rekna ut frå antall døypte i aldersgruppa. Nokre arrangement har høg oppslutning, andre lågare. Rådgjevar i trusopplæring i bispedømmet rosar Dovre og Lesja for det vi får til og at deltakinga på mange av tiltaka er god i høve til nasjonale tall. Nye regler har gjort at bruk av bilder med barn er vorte enda strengare, og det er bra. Vi bruker berre bilder av unger der foreldra har samtykka.

Arrangementene har forhandsomtale i kyrkebladet. Invitasjon vert sendt alle døypte og tilhøyrande (tilhøyrande er når barnet ikkje er døypet og minst ein av foreldra er medlem). Vi ynskjer alle barn velkomne til våre arrangement.

- **Dåpssamtale**
 - Samtale med foreldre til 12 dåpsbarn (dei som bur i soknet). Antall døypte av målgruppa er 100 %.
- **Dåpsljos delt ut til alle dåpsbarn**
 - Ved utdelinga seier presten: Jesus seier "Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys." Må dette ljuset skine for (barnets navn). Dåpsljoset kan m.a. brukast til å markere dåpsdagen seinare.
- **Babysang**
 - Sang, leik og dans med sanger, rim og regler. Tid til å prate og drikke kaffe/te etterpå.
 - Samarbeid med flyktningtenesta, biblioteket og helsestasjonen.
 - 29 samlingar i biblioteket. 19 barn med foresatte (62 %).
- **Kirkerottene**
 - Filmsamling i Dovre kyrkje 18. april for barnehagebarn 3-6 år og 1. og 2. trinn på barneskulen, om lag 35 barn.
 - Filmsamling i Dombås kyrkje 26. april for barnehagebarn 3-6 år, om lag 30 barn.



- **Mi kyrkjebok**
 - Mi kyrkjebok med arbeidsbok utdelt til fireåringane 1. s. i advent 2. desember.
 - 8 barn (80%) i Dombås og 9 barn (90%) i Dovre kom og fekk boka.



4-åringar i Dombås kyrkje



4-åringar i Dovre kyrkje

- **Sprell-levande gudsteneste** på Fastelavnsøndag
 - Ikkje gjennomført.

- **"Fra jord til bord"**

- Eit opplegg for 6- og 7-åringar med gudsteneste og såing på skaperverkets dag 8. mai, samling om hausten og hausttakkefest 18. september. Tema: Skaperverket, samanheng jord-bord, mattradisjon, takksemd for maten.
- Deltakarar på skaperverkets dag: 0
- Deltakarar på haustopplegget: 7 (41 %) i Dombås og 4 (19 %) i Dovre.



Lager bilde av alt vi kan eta



Velling og poteter smaker godt!

- **Skulestartmarkering og 10-års dåpsjubileum**

- Dei som starter på skulen blir invitert saman med sine skulefadrar som går på 5. trinn og er 10 år. Ei samling i forkant av gudstenesta 28. august. Tema: fadder, dåp og å være ein ven. 6-åringa får bok.
- Skolestart: 4 (57 %) i Dombås og 2 (25 %) i Dovre.
- Dåpsjubilanter 4 (40 %) i Dombås og 3 (50 %) i Dovre.



Tema: Å vere ein ven



6 -åringane har fått bok

- **Tårnagent**

- 9- og 10-åringar får hemmeleg invitasjon til å være tårnagent, og løyser oppdrag og mysterium. Fellesamling i Dombås som avsluttar med gudsteneste 21. februar.
- 10 agenter (56 %) frå Dombås og 4 agenter (22 %) frå Dovre.



Blide agentar

- **"Ljosvaken"**

- Ljosvaken handlar om å være vaken for seg sjølv, for andre og for Gud. Oppgåver som utfordrar alle sansane og samarbeid. Dramatisering av bibelhistorie og sang høyrer også til. Overnatting i kyrkja er spennande og ikkje alle sov like mykje.
- 1 (3 %) frå Dombås og 2 (10 %) frå Dovre samt to konfirmantar.



- **Konfirmantåret**

Saman med Lesja, Sel og Nord-Fron



- Konfirmantleir i 5 dager 26. - 30. juni på Nordfjord folkehøgskule på Vereide, Gloppen kommune. Fem flotte, innhaldsrike dager med samhandling, båt, pilegrimsvandring, bibeltimer, gudstenester, leirkveld, sang og mykje meir.
- Konfirmantsamling på Otta i mars med tema diakoni og gjensyn med 150 leirvenner.

Samlingar saman med Lesja

- Etikk. Ettermiddag på Dombås.
- Temadag om kyrkjelege handlingar på Lesja 10. november.

Lokalt for Dombås og Dovre:

- Perspektivtur til Fokstugu 14. september som oppstart om hausten.
- Samlingar med ulike tema, m.a. Handelspelet om rettferd, kyrkjegardsvandring.
- Er med på Ijosmesse (advent), kyndelsmesse og misjonsbasar i februar.
- Deltek i Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.



Handelspelet



*Perspektivtur til Fokstugu
Tusen takk til Christiane og Laurits!*

• Reunion etter konfirmasjonen

- Samling for alle vårens konfirmanter i prestegarden med grilling, leik og prat. Og informasjon og invitasjon til leiaropplegg.
- Ikke gjennomført, hovedsakleg pga. prestesituasjonen.

• Ungdom 15+, felles i prostiet

Dette er viktige møtestadar for ungdommane, - eit kristent rusfritt tilbod og dei blir kjent med ungdommar frå andre stader som dei møter på vidaregåande skule.

- USB (ungdomssamling på Dombås) andre helga i mars med aktiviteter, samlingar, midnattsmesse m.m. 2 frå Dovre deltok.
- Leiartrening før og under konfirmantleiren. 3 Dovreungdommer deltok som ungdomsleiar på konfirmantleiren. Dei var med på ei samling i juni og leiardøgn før leirstart. Ungdommane er gruppeleiar på leiren og viktige forbilder for konfirmantane. Det var god stemning og samhald undervegs og etterpå.
- Reunion etter leir for ungdomsleiarar med overnatting i oktober. 2 frå Dovre deltok.
- Tre kvelder på Otta med tema film, spill og taco og førjulskveld. 4 ungdommar frå Dovre deltok.



Leiarhelg i oktober

Samarbeid mellom kyrkja og barnehage/skule

Det er inngått samarbeidsavtale mellom kommunen og kyrkja om mellom anna skulegudstenester, besøk, kontakt og pilegrimsvandring for 5.-7 trinn kvart tredje år.

- 3. trinn på besøk i si kyrkje. Kyrkjetenar fortalte om kyrkjebygget, fokus på symbol.
- Påskegudsteneste for Dovre barneskule.
- Tre skulegudstenester før jul: Dovre barnehage og Dovre barneskule i Dovre kyrkje, Dombås barneskule og Dombås barnehage sammen og Dovre u-skule i Dombås kyrkje. Organist og prest hadde kontakt med skulen i forkant om salmer m.v.
- Eldste gruppe fra Dombås barnehage var på besøk i Dombåskyrkja før påske. Organist og diakon hadde tema påske med bruk av påskeduken.
- Adventsamling i både barnehagene ved prest og diakon.
- Organist hadde 2 sangstunder med kvar av barnehagene på vårhalvåret.
- Diakon hadde fem sangstunder i Dovre barnehage.

Deltaking på kristne leir

Barn og unge fra Dovre som er på kristne leirar blir sponsa av Søndagskulen.

Acta/normisjon:

- 5 på familieleir på Kirketeigen
- 4 på Winter Wake Up (ungdomsleir) på Skogstad
- 3 på årsmøtehelg i april på Skogstad
- 6 på Amigosleir på Kirketeigen i mai
- 2 på Totencamp på Skjærgårdsgospel i juli
- 4 på TFB = Try it, Feel it, Be it (ungdomsleir) på Kirketeigen i september
- 6 på adventsleir på Kirketeigen i november

KRIK

- 3 ungdommer på Krik explore på Lillehammer i romjula
- 2 ungdommer på Krik arena, sommerleir.

Oppdal menighet med flere


- Teen Life wknd 11.-12. mai på Oppdal: 3 ungdommar.

Diakoni

Diakonien skal være ein naturleg del av det totale kyrkjelege arbeidet. Mange i kyrkjelydane våre har også i år gjort mykje godt diakonalt arbeid gjennom å vise omsorg for sine medmenneske på ulike måtar.

- Kyrkjekaffe etter gudstenestene er eksempel på eit ynskje om å styrke det sosiale fellesskapet og gje høve for nye til å få kontakt og bli inkludert i eit fellesskap.
- Konfirmantane deltok i Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon rett før påske.
- Kyrkjelydane støttar misjonsprosjektet «Ein betre skuledag» i Nepal via Himalpartner, bl.a. ofring på Tollevshaugsmessa og misjonsbasaren.

- **Kvinnenes internasjonale bønedag** markert i Dombås kyrkje med ei gudsteneste med liturgi og opplegg frå kvinner i Surinam. Diakonistudent Marit Vingelsgaard delte refleksjonar over tema for kvelden: Alt Gud har skapt er svært godt.



Årets måleri «Divine gift» (guddommeleg gáve) er laga av Alice Pomstra-Elmont, født i 1947 i Surinam.

Ho fortel: "På en utstilling om miljø ble jeg utfordret til å være med å lage bildet til Kvinnenes Internasjonale Bønnedag. Vi bor i et vakkert land som vi har fått av vår Skaper. Her ser vi symbolske hender som gir oss denne guddommelige gaven, og gir den videre til neste generasjoner. Hvilken dyrebar gave! La oss arbeide for å holde den like vakker som da vi fikk den."

- **"Det gode måltidet"** - integreringstiltak.



- 8 samlingar (fyrste laurdag i månaden).
- Mat frå ulike land, samtaler, avislesing og spel.
- 15-45 personer er med kvar gong.
- Dette er interkommunalt samarbeid for Dovre og Lesja mellom kommunens flyktingsteneste, kyrkjelege råd og Frivillighetssentralen.

- Misjonsbasar på Klukkarhaugen etter kyndelesmesse i Dovre kyrkje 1. februar.
- Diakonen hadde 25 familiebesøk, 15 heimebesøk og oppfølging pr. tlf med 3 personer.

Konsertar og andre kulturarrangement

Konsertar/kulturarrangement med DKR som arrangør:

	2018			2017			2016		
	antall	personar	snitt						
Konsertar	5	387	77	3	400	133	5	435	87
Foredrag/utstilling	2	140	70	2	95	48	2	65	33

- Konserten «Elvis Goes To Church» 25. februar i Dombås kyrkje med Ole J and the Kingsmen.
- Ettermiddagskonsert i haustferien 6. oktober i Dovre kyrkje med Tone Hulbækmo, Bjørn Sigurd Glorvigen, Jørgen Brandli og Hans Fredrik Jacobsen.
- «Folkelig jul» 21. desember i Dovre kyrkje med Marie Klåpbakken, Øyvind Smidt og Kriss Stemland.

- **Pilegrimsdager på Dovrefjell 7. – 15. juli 2018**

Dovre og Dombås sokneråd har sidan 1994 arrangert Pilegrimsdager på Dovrefjell, og dei siste åra i samarbeid med Pilegrimsutvalget i Oppdal og Pilegrimssenter Dovrefjell.

Dagene er koordinert med den årlege langvandringa frå Oslo til Trondheim og har tilbod om pilegrimsvandring på enkelt dager. Dagane vart gjennomført på ein god måte med eit innhaldsrikt og godt program. Årets tema: Livsvandring. I 2018 var det Ellisif Wessel og hennar livsvandring som vart lyfta fram.

Lørdag 7. juli Åpning av utstilling om Ellisif Wessel på Dombås bibliotek. Innleiing ved Hans-Jacob Dahl. 40 personar.

Utstillingen var laga av Varanger museum og stod på Dombås bibliotek. 600 besökende.

Torsdag 12. juli Foredrag på Fokstugu fjellstue om Ellisif Wessel – en livsvandring ved Hans-Jacob Dahl. Musikk Hub Huijs. 100 personer.

Fredag 13. juli Konsert i Eysteinkyrkja med Joakim Røbergshagen fiolin og Mona Spigseth akk. 40 personer.

Laurdag 14. juli Konsert i Eysteinkyrkja med Tone Hulbækmo, Hans Fredrik Jakobsen og Alf Hulbækmo. 50 personer.

Søndag 15. juli Gudsteneste i Eysteinkyrkja med biskop Solveig Fiske og Hans-Jacob Dahl, Jørgen Brandli. Sang Ingeborg Dalheim. 90 personer.

Dagsvandringer (70 deltagarar) og tidebønn/aftensang kvar dag.

Andre kyrkjelydsaktivitetar

- **Medarbeiderkveld 17. april**

- Medarbeiderkvelden er vorte ein god tradisjon for å takke alle som bidreg!
- 115 enkeltpersoner (tilsette, folkevalgte, friviljuge) har vore tekstlesar, kyrkjeverter, bidratt med praktisk arbeid, kyrkjekaffe, trusopplæring m.m.
- Vi inviterte også 6 lag/foreninger som vi samarbeider med, 4 vertskap og samarbeidspersoner i kommunen.
- Kvelden starta med musikk i Dovre kyrkje, deretter måltid og møte på Jetta.
- Om lag 40 personar deltok.

- **Konfirmantjubileum**

- Gudsteneste 2. september i Dombås/Dovre kyrkje og felles middag og samvær på Toftemo turiststasjon.
- Jubilantar Dombås: 9 - 3 - 0 (50, 60, 70 år). Totalt 39 inviterte. 31 % oppslutning.
- Jubilantar Dovre: 10 - 7 - 3 (50, 60, 70 år). Totalt 57 inviterte. 35 % oppslutning.

- **Kyrkjekaffe**

- Ved vertskapet på Hjellsetra i april.
- Ved eigalar/vertskap på Tollevshaugen etter setermessa i juli.
- Etter hausttakkefest ved Dovre bygdekvinnelag og gardane rundt Dombåshaugen.
- Etter minnegudstenestene ved "Piker, hviin og sang" på Dovre og sanitetsforeningen/arrangementskomitéen på Dombås.
- Kaffe og tårnkake i Dombås 1. søndag i advent da orgelet vart tatt i bruk.
- Enkel kyrkjekaffe i kyrkja etter dei fleste gudstenestene. Arrangementskomitéen har ordna kake ved fleire trusopplæringstiltak.

KYRKJER OG KYRKJEGARDER

Tiltak på kyrkjebygg og anlegg

- **Dovre kyrkje, servicebygg og kyrkjegard**
 - Måla utvendig vindauge og dører på kyrkja.
 - Grøntarbeid på kyrkjegarden: Fjerna gamle bjørk og planta nye. Fjerna buskas sørover.
 - Sette opp nytt gjerde mot sør. Nye portstolper og ny grind mellom kyrkjegard og driftsområde. Pigga av sementen av nedre port.
 - Beisa ferdig bårehuset og driftsbygget.
 - Beisa utebenker.



- **Dombås kyrkje, servicebygg og kyrkjegard**
 - Kontroll av ytterhjørner pga. fukt.
 - Fjerna mose av deler av kyrkjeketaket.
 - Måla korgolv og våpenhus.
 - Reparet dør til orgelgalleri.
 - Skifta øydelagde takrenner på bårehuset.
 - Heva fleire gravminner som har sunke pga. oppfylling.
- **Eysteinkyrkja og uteområde**
 - Rydda loft og uthuset.
- **Anna**
 - Dovre og Dombås kyrkje hadde rosa flomljos i oktober - kreftforeningens aksjon.
 - Våronn-dugnad på både kyrkjegardane.
 - Kyrkjegardsvandring 13. juni med Helge Klingberg. 35 frammøte.



Nytt orgel i Dombås kyrkje

Den 3. desember 2018 skreiv fagkonsulent Kåre Nordstoga ferdigattest med godkjenning av det nye orgelet i Dombås kyrkje. Dermed var fem og eit halvt års innsats for nytt orgel avslutta, med vellukka resultat. Instrumentet vart vigsla av vikarprest Knut Nordhaug under gudstenesta 1. sundag i advent, og organist Jørgen Brandli kunne ta det i vanleg bruk frå starten av eit nytt kyrkeår.

Innspurten, med riving, galleritilpasning, montering, måling og intonering, føregjekk i ei effektiv tremånaders-periode frå 3. september, då Henning Andersen demonterte og flytta ut det gamle orgelet frå kyrkja.

Det vart i løpet av hausten nedlagt eit solid og godt koordinert arbeid frå fleire hald. Både Ålems Orgelverkstsads eigne folk og lokale handverkarar var i sving i kyrkja i fleire omgongar og etapper. Byggkonsulent Roar Nilstad og orgelkomiteen ved leiar Synnøve Toven, styrte framdrifta i samarbeid med orgelbyggjar Lennart Olofsgård, dei tre svenske orgelmontørane, Lesja-Dovre Elektro v/Robin Lunde, Jora Bygg & Laft v/ Hans Hovde, Høyveg Mekaniske Verksted, Pål Rindal, Kvåst & Kniv Bygdekunst v/Kari Aasgaard, kyrkjetenar Ola Rindal og friviljuge.

Kyrkjeverje Elin Marit Andgard har, på vegne av byggherren DKR, hatt eit sikkert grep på dei økonomiske og formelle utfordringane underveis. Alt arbeid i denne store saka er såleis gjennomført etter vedtekne planer, og innanfor dei rammer som vart lagt.

Orgelet i Dombås kyrkje har 1050 klingande piper, fordelt på 20 stemmer. Det har to manualar (håndklaviatur) og pedal (-klaviatur), mekanisk traktur (forbindelsen tangent-pipe) og elektrisk, prosesstyrt registratur (stemmevalg). Fasade, orgelhus og spelepult er utforma av Lennart Olofsgård, som også har gjennomført intonasjonen (den klanglege tilpasninga) av kvar einskild pipe.



Ny, flott orgelfasade

Økonomi pr. 15.1.19

Orgel frå Ålems orgelverkstad	3 099 622	Gåver private, lag, næring	1 853 268
Elektriker, snekker, matr. m.v.	61 456	Tilskudd Dovre kommune	1 000 000
Konsulenter	66 513	Renter	167 840
Annonser, diverse	6 566	Ofring, konsert, loddssalg	224 295
Sum utgifter	3 234 157	Sum inntekter	3 245 402

Verdi av bidrag fra næringslivet og egeninnsats 485.000 kr.

DKR har satt av 100.000 kr til luftfukter, orgelinngviing og andre utgifter i 2019.

Ope kyrkjer

Formålet er å gje vegfarande, pilegrimar og lokale høve til å komme inn i kyrkjene for å ha ei stille stund, tenne ljos, be ei bøn,- samt vise fram og fortelje om dei tre vakre kyrkjene våre.

Alle tre kyrkjene var ope i fleire veker og med skilting frå E6. Informasjon om opningstider og gudstenester om sumaren var sendt til reiselivet i Dovre. Kyrkjene er også registrert på nettsida www.kirkesok.no

Friviljuge kyrkjevakter i Dovre kyrkje og Eysteinkyrkja. I Dombås kyrkje var det tilsett to ungdommer som guider og friviljuge i helgene. Å tilsette guide er mogleg med økonomisk støtte frå næringslivet og kommunen.

Dovre kyrkje	28. juni.-1. august	dagleg kl. 10 - kl. 15	29 dagar
Dombås kyrkje	23. juni - 5. august	dagleg kl. 10 - kl. 15	39 dagar
Eysteinkyrkja	23. juni - 5. august	dagleg kl. 11 - kl. 16	42 dagar
	20. juni - 31.august	dagleg kl. 16 – kl. 21	70 dagar
samtidig med tidebønn kl. 20.30 ved pilegrimsenteret			

	2018		2017	
	besøkande	snitt pr. dag	besøkande	snitt pr. dag
Dovre kyrkje	550	19	593	20
Dombås kyrkje	4952	127	4747	110
Eysteinkyrkja	2834	40	3307	Ca 41

Dombås kyrkje hadde fleire besøkande i 2018 enn året før, og det var 6 dager med over 200 besøkande. I Eysteinkyrkja var det registrert at 600 kom gående av dei besøkande.

Dovre og Dombås kyrkje er ope når høgtidene blir ringt inn.

Vi prøver å imøtekommme forespørsl til om besøk og guiding for grupper utanom sumaren også.

Tusen takk til alle friviljuge kyrkjevakter som brukte ein eller fleire dagar i kyrkjene! Takk til næringslivet i Dombås og kommunen for god støtte!

Utlån/utleige av kyrkjer

Samarbeidsavtale med Pilegrimssenter Dovrefjell om bruk av Eysteinkyrkja.

Grupper i Eysteinkyrkja: Pilegrimsmesse 11.9 for/ved Ålesund folkehøgskule og 26.9 for/ved konfirmantane i Oppdal.

Kyrkene var leigd ut til 3 konserter med 485 tilstades:

- Dovre kyrkje 14.12: Førjulstoner ved Dombås musikkforening.
- Dovre kyrkje 28. desember: Dovrejul ved brødrene Glorvigen
- Dombås kyrkje 29. desember: Dovrejul ved brødrene Glorvigen

Til slutt: Hjerteleg takk til alle som har deltatt og bidratt i 2018!

ØKONOMI

Om regnskapet

Regnskapet er ført i samsvar med forskrift om økonomiforvaltning for kyrkjeleg fellesråd. Det er ført av Dovre kommunes økonomikontor og revidert av Innlandet Revisjon.

Driftsinntektene var kr 5.799.413 (inkl. renter) og driftsutgiftene kr 5.479.466, slik at netto driftsresultat vart kr 319.947. Kommunalt driftstilskudd utgjer kr 3.340.000 samt kalkulatoriske inntekter/utgifter på kr 120.000 i samsvar med tenesteytingsavtale mellom kommunen og kyrkja (føring av regnskap og lønn, kontor/lokaler).

Etter disponering av mindreforbruk frå 2017 (kr 66.360), netto avsetning til fond (kr 65.618), overføring til investeringsregnskapet (kr 85.578) og netto bruk av driftsfond (kr 85.000), er driftsregnskapet avslutta med eit mindreforbruk (regnskapsmessig overskudd) på kr 253.750.

Forhold som har medverka til årets overskudd:

- Tilbakeført overskudd KLP (kr 115.000).
- Vakans i kyrkjetenarstilling (kr 182.000)
- Sjukefravær (kr 46.000)

Investeringsregnskapet består av nytt orgel Dombås (brutto kr 2.389.626), renovering Dombås kyrkje (brutto kr 11.245), varmeanlegg Dombås (brutto kr 38.005) samt egenkapitalinnskudd i KLP (kr 13.169). Investeringene er finansiert av orgelfondet og fra driftsregnskapet.

Investeringsregnskapet er avslutta i balanse.

Dispositionsfondet er ved årets utgang kr 732.124. Fondet utgjer ein viktig buffer med tankje på dei økonomiske utfordringane Dovre kyrkjelege råd står overfor.

Nedanfor ei oppsummering av investering, drift og balanse. Moms/momsrefusjon er ikkje med.

Investeringar

Netto kostnader	Finansiering
Nytt orgel Dombås kyrkje	1.651.971
Renovering Dombås kyrkje	11.245
Varmeanlegg Dombås	38.005
Egenkapital KLP	13.169

Driftsregnskap	Regnskap-18	Budsjett-18	Regnskap-17
Finansposter/avslutning	365 989	130 000	158 976
Avsetninger til bundne fond	5 547	0	4 867
Overf. til invest.regnskapet	85 578	75 000	114 027
Avsetning til disposisjonsfond	141 360	141 000	232 059
Renteinntekter	-53 886	-20 000	-26 278
Bruk av tidligere års overskudd	-66 360	-66 000	-232 059
Regnskapsmessig overskudd	253 750	0	66 360

Driftsregnskap	<i>Regnskap-18</i>	<i>Budsjett-18</i>	<i>Regnskap-17</i>
-----------------------	--------------------	--------------------	--------------------

Felles	-3 455 700	-3 445 000	-3 389 944
Driftstilskudd fra kommunen	-3 340 000	-3 340 000	-3 340 000
Tilbakeført overskudd KLP	-115 700	-105 000	-49 944
Kyrkjeloge administrasjon	1 068 454	1 098 500	1 127 018
Lønnsutgifter inkl. ref. og int.overf.	767 704	758 500	832 524
Kontorutgifter (matr., tlf., porto)	38 455	74 000	56 523
Div.fellesutgifter (kurs, møte mm)	17 422	54 000	28 732
Revisjon	37 200	18 000	17 500
Lisenser, service	108 318	100 000	108 293
Udstyr, inventar, maskiner	20 264	10 000	23 428
Godtgjørelse folkevalgte	73 274	75 000	42 508
Andre rådsutgifter	5 817	9 000	17 511
Soknerådsva	0	0	0
Kyrkjer	1 384 112	1 389 200	1 375 259
Lønnsutgifter inkl. ref. og int.overf.	927 025	970 200	946 256
Strøm	147 546	159 000	138 789
Forsikring, bygg og anlegg	120 206	109 000	112 251
Andre driftsutgifter	41 776	51 000	65 717
Kjøp av tenester	40 501	21 000	37 671
Inventar og utstyr	20 375	15 000	13 380
Serviceavtaler	65 314	55 000	61 890
Vedlikehold	38 370	37 000	33 806
Avsetninger til bundne fond	11 639	0	15 072
Salg, brukerbetaling, husleie	-17 000	-23 000	-40 850
Gaver, offer, tilskudd	-11 639	-5 000	-8 722
Bruk av fond			
Kyrkjegarder	451 593	539 300	454 559
Lønnsutgifter inkl. ref. og int.overf.	397 320	436 300	367 685
Strøm	30 878	36 000	30 679
Kommunale avgifter	36 705	46 000	42 135
Oppnak graver	41 550	52 000	34 925
Vedlikehald	82 949	66 000	35 958
Andre driftsutgifter	39 042	36 000	49 143
Inventar, utstyr, maskiner	321 475	336 000	7 490
Avsetninger til disp.fond	0	0	200 000
Brukerbetaling	-9 000	-6 000	-4 000
Festeavgift	-269 250	-250 000	-258 775
Gravstell, netto inntekt	-60 076	-53 000	-50 680
Bruk av ubundne fond	-160 000	-160 000	0

Driftsregnskap	<i>Regnskap-18</i>	<i>Budsjett-18</i>	<i>Regnskap-17</i>
-----------------------	--------------------	--------------------	--------------------

Anna kyrkjeleg verksemد	185 550	288 000	274 129
Sokneråd (kyrkjekaffe m.m.)	9 212	20 000	13 435
Trusopplæring	-18 999	58 000	8 513
Lønn, godtgjørelser, kurs	145 170	147 000	168 443
Materiell, mat m.m.	22 829	114 000	13 397
Inventar, utstyr	11 662	0	0
Støtte til leir/festival/USB	27 820	0	32 900
Avsetning bundne fond	8 238	0	4 381
Tilskudd, offer	-8 238	-3 000	-4 381
Tilskudd fra staten	-226 480	-200 000	-206 226
Diakoni	188 828	190 000	201 961
Lønn, godtgjørelser, kurs	190 282	190 000	198 463
Arr.utgifter	13 547	4 000	8 918
Brukerbetaling, offer, tilskudd	-15 001	-4 000	-5 420
Kyrkjemusikk	0	0	9 821
Konsertutgifter	21 850	33 000	9 766
Avsetning til fond	9 658	0	49 035
Billettinntekter	-23 835	-30 000	-45 385
Tilskudd, offer	-7 673	-3 000	-3 595
Pilegrimsarbeid	0	0	0
Adm.utgifter	10 000	27 000	19 033
Annonser, informasjonsutg. mv	14 790	47 000	11 736
Arr.utgifter	26 226	83 500	64 136
Avsetning bundne fond	0	0	17 001
Bruk av bundne fond	-10 816	0	0
Billettinntekter, salg	-10 200	-57 500	-26 905
Tilskudd	-30 000	-100 000	-85 000
Sommeråpne kyrkjer	6 509	0	2 619
Lønnsutgifter	40 594	18 000	29 924
Andre utgifter	4 709	6 000	3 340
Avsetning bundne fond	0	0	16 556
Tilskudd, salg, gaver	-38 795	-24 000	-47 202
Kyrkjeblad for Dovre	0	20 000	37 780
Produksjon og utsending	76 552	104 000	75 181
Avsetning til bundne fond	46 298	0	0
Annonseinntekter mv	-88 900	-50 000	0
Tilskudd, gaver	-33 950	-34 000	-37 401

Balanse

31.12.2018 31.12.2017

Investeringsfond	9 601	1 613 938
Nytt orgel Dombås	2 700	1 607 036
Rest. trapp Dovre	6 902	6 902
 Dispositionsfond	 947 125	 965 765
Dispositionsfond	732 125	665 765
Nytt orgel Dombås	100 000	100 000
Kyrkjegardsmaskin	40 000	200 000
Minnelund	75 000	0
 Bundne driftsfond	 922 374	 856 756
Kyrkefond Dovre	45 317	44 591
Kyrkefond Dombås	108 562	107 179
Eysteinkyrkjebondet	86 784	74 263
Kyrkjebladfond	46 298	0
Rest. port og trapp Dovre	163 220	161 140
Kyrkjegardsfond	21 846	21 346
Dåpsopplæring	44 615	36 377
Søndagskolen	28 588	28 569
Konfirmantarbeid i prostiet	58 969	43 039
Minnegave Juniorklubben	35 982	35 524
Diakoni	26 016	23 029
Kyrkjemusikk	86 736	77 079
Konserter Dovre	45 440	45 440
Pilegrimsarbeid	76 063	86 879
Rådsstruktur	22 300	22 300
Prostiprosjekt	25 637	50 000
Julekrybbe Dovre	45 440	45 440

Dovre, 27. februar 2019

Elin Marit Andgard
dagleg leiar / kyrkjeverje